

Fra: Bente Kopperdal Hervik (bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no)

Sendt: 19.06.2014 14:48:31

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi:

Emne: Gnr 40/1 Åsen på Øvre Tveiten - tilstand kulturminne

Vedlegg:

Hordaland Fylkeskommune - Kultur- og idrettsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1785 - 14/6919

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

19.06.2014

Gnr 40/1 Åsen på Øvre Tveiten - tilstand kulturminne

Radøy kommune har fått melding om at tunet i Åsen på Tveiten (gnr 40/1 i Radøy) vert drive på ein måte som trugar kulturmiljøet, og særleg løa.

Dette kulturmiljøet ser me på som eitt av dei viktigaste i kommunen, både på grunn av talet på bygningar og på grunn av alderen på bygga. Tunet vart for nokre tiår sidan sett i stand med offentlege midlar. Den gongen fekk dåverande eigar gjort nokre tilpassingar for å kunna ha nokre sauer og ein fjording i løa. Me har fått forståing av at det no er fire-fem hestar i løa, noko denne løa ikkje er dimensjonert for, og me er difor uroa for dette kulturminnet.

Dette brevet vert sendt både til eigar av bygget og til kultur- og idrettsavdelinga i fylkeskommunen. Me vil oppmoda fylkeskommunen om ta kontakt med Radøy kommune og med eigar for avtale om synfaring.

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik
kulturkonsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Hordaland Fylkeskommune -
Kultur- og idrettsavdelinga
Solveig Sævdal

Postboks 7900 5020

Radøyvegen 1631 5936

BERGEN

MANGER